



Fiskeri- og Kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo
Email: postmottak@fkf.dep.no

Eikelandosen 13. januar 2014.

Merknader til «Høring av forslag om videreutvikling av produksjonsbegrensings-systemet (MTB)».

Viser til Fiskeri- og kystdepartementets (FKD) høringsbrev datert 11. oktober 2013. Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS (heretter forkorta til «Eide») vil med dette komme med merknader til høringsbrevet om forslag om vidareutvikling av produksjonsbegrensingsystemet (MTB).

Kjelder:

Som kjelde for utarbeiding av dette merknadsbrevet er det som supplement til høringsbrevet frå Departementet nytta:

1. Produksjonserfaring frå over 40 års drift, samt reelle produksjonstal og produksjonsplanar henta frå eiga verksemd.
2. Tilleggsutgreiing frå Kontali analyse og Sintef fiskeri og havbruk.
3. «Possible outcomes of changes in the MAB-(MTB-) regime.» Frank Asche, Universitetet i Stavanger. Foredrag i Bergen, 5. desember 2013.
4. Masteroppgåve «Produksjonsregulering innen oppdrett av laksefisk i sjøvann» undertittel: «Konsekvensanalyse av en eventuell regulativ overgang til rullerende MTB».
Det Juridiske Fakultet ved Universitetet i Oslo, innleveringsdato 15. januar 2014.

Innleiing:

Det nye forslaget om vidareutvikling av produksjonsbegrensingsystemet (overgang til rullerande gjennomsnittleg MTB) vil bety større produksjonsfleksibilitet for oppdrettsverksemdene. Resultatet av denne auka fleksibiliteten vil kunne skyve produksjonsmønsteret over i to ulike retningar:

-Meir marknadstilpassa drift: Dette vil bety at produksjonen blir tilpassa naturgitte temperatur- og miljøtilhøve slik at ein kan levere stabile kvantum med slaktefisk gjennom heile året.

-Produksjonsmaksimert drift: Produksjonen blir tilpassa med mål om høgast mogleg samla produksjon. Dette betyr at biomassen blir auka i månader med gode produksjonstilhøve, slik som på ettersommaren og tidleg haust med best tilvekst, og at biomassen blir tilsvarande redusert i månader med lågare tilvekst. Konsekvensane av ei produksjonsmaksimert drift er at slaktekvantumet vil variere svært mykje gjennom året.

Oppsummering av Eide sine merknader til høringa:

Ei overgang frå dagens ordning med «absolutte MTB» til «rullerende MTB» vil som kjent medføre ein vesentleg auka fleksibilitet i drifta. Dersom den nye ordninga vil medføre at dei fleste oppdrettaktørane i landet ynskjer ein overgang til «marknadsretta drift» vil dette truleg kunne vera positivt for næringa. Eide er derimot sterkt tvilande til om det er denne vegen næringa vil gå. Auka produksjon er kanskje den enkeltfaktoren som i størst grad vil kunne bidra til å redusere produksjonskostnaden i verksemdene. Det



er difor stor fare for at mange aktørar vil komme til å velje «Produksjonsmaksimert drift». Dette vil kunne medføre store konsekvensar for heile næringa, både i inn- og utland, på grunn av stor årleg variasjon i slaktekvantum og i laksepris. Ei betydeleg biomasseoppbygging utover ettersommaren og hausten vil elles medføre auka biologisk risiko, ikkje minst med tanke på lakselus-problematikken på denne årstida.

Med bakgrunn i stor fare for større årleg variasjon i slaktekvantum og laksepris, og auka biologisk risiko, så stiller Eide seg negativ til det nye forslaget om «rullerende MTB».

Departementet skisserte i høyringa 4 ulike alternativ for endring av MTB-regimet:

1. O-alternativet der ein held fram med dagens ordning.
2. Innføring av rullerende gjennomsnittleg MTB, men same storleik på «løyve-MTB» som i dag.
3. Innføringa av rullerende MTB med reduksjon i «løyve-MTB» som tilsvarer forventa auke i potensiell produksjon, for eksempel 5 %.
4. Valgfritt for enkeltaktørar om ein vil halda fram med dagens ordning eller gå over til rullerende gjennomsnittleg MTB med reduksjon i løyve-MTB på for eksempel 5 %.

Eide sine merknader til desse 4 ulike alternativa:

1. O-alternativet der ein held fram med dagens ordning.

I motsetnad til enkelte andre mindre oppdrettsaktørar i landet så har Eide bra lokalitetskapasitet til å produsere jamt året rundt. Dette betyr at Eide har ein produksjon med god utnytting av MTB gjennom året, noko som betyr at ein slaktar ut tilveksten til fisken gjennom store delar av året. Dagens ordning oppmodar oss dermed til forutsigbar produksjon og jamn ståande biomasse i sjø, med slakting gjennom heile året. Skulle det bli periodar i året med mangel på slaktefisk kan ein velje å slakte seg litt ned i periodar for å tilpasse seg markedet. Av dei fire ulike alternativet, vil ei vidareføring av dagens ordning etter vårt syn truleg vera den mest markedstilpassa reguleringa, og utøve minst biologisk risiko med omsyn på fiskehelse og fiskevelferd.

2. Innføring av rullerende gjennomsnittleg MTB, men same storleik på «løyve-MTB» som i dag.

Ei slik ordning vil truleg medføre at Eide vil produksjonsmaksimere drifta. Eide har i dag ledig lokalitets-MTB, låg tetthet av fisk i merdane, og ledige merdar på fleire lokaliteter. Samstundes har Eide ikkje eige slakteri som er avhengig av «Eidefisk» kvar veke/månad, og stort sett all fisk blir solgt på spot-markedet. Det vil for Eide difor vera svært enkelt å produksjonsmaksimere ved overgang til rullerande MTB. Produksjonsplanar er utarbeida for Eide med tanke på kva produksjonspotensiale som ligg i selskapet ved rullerende MTB. Desse planane viser eit realistisk potensiale for å auke produksjonen frå ca 7200 tonn til 8200 tonn årleg med overgang til produksjonsmaksimert drift. Dette viser at utgreiinga til Sintef og Kontali Analyse har kraftig undervurdert potensialet for produksjonsauke som ligg i rullerende MTB. Dette indikerer igjen at Sintef og Kontali Analyse truleg har kraftig underestimert konsekvensane ordninga vil få for variansen i slaktevolum gjennom året. Viser elles til utgreiing frå Frank Asche, Universitetet i Stavanger, og masteroppgåve frå Det Juridiske Fakultet ved Universitetet i Oslo, som begge går grundig inn i denne problemstillinga. For Eide vil ein produksjonsauke på 1000 tonn redusere produksjonskostanden kraftig (ca 1,2 – 2,0 kr/kg). Sjølv om denne ordninga vil få store konsekvensar for marknaden, og truleg resultere i svært variable lakseprisar gjennom året, vil den reduserte produksjonskostnaden likevel kunne forsvare



ei slik omlegging av produksjonen. I tillegg vil ein slik redusert produksjonskostnad auke konkurransekrafta overfor andre oppdrettsaktørar i inn- og utland.

Produksjonsmaksimering for Eide vil bety vesentleg auke i ståande biomasse i dei gode «tilvekstmånadane» på ettersomaren og hausten. Dette vil etter vårt syn kunne bety vesentleg auka biologisk risiko med tanke på fiskehelse, fiskevelferd og negative interaksjonar overfor villfisk. Næringa har stadig større utfordringar med omsyn på lakselus og virussjukdommar som Pancreas Disease (PD). Lakselusa blir som kjent stadig meir «hardfør» overfor tilgjengelege medikament, og i fleire og fleire områder slit ein kraftig med å halde lakselusa på akseptable nivå. Stor biomasseauke på ettersomaren og hausten då lakselusa har kortast generasjonsintervall vil kunne medføre store utfordringar. Sjølv om det kanskje ikkje er på denne årstida det er størst fare for smitte overfor villfisk, vil lakselus likevel kunne medføre utfordringar med omsyn på fiskehelse og fiskevelferd.

3. Innføringa av rullerande MTB med reduksjon i «løyve-MTB» som tilsvarer forventta auke i potensiell produksjon, for eksempel 5 %.

Denne ordninga vil tvinge oppdrettsverksemdene til å produksjonsmaksimere produksjonen for å oppretthalde dagens produksjon. Ordninga vil difor ha stor negativ konsekvens for markedet og målet om stabile slaktevolum gjennom året. Denne ordninga må ikkje innførast. Viser elles til grunngjeving i punkt 2.

4. Valgfritt for enkeltaktørar om ein vil halda fram med dagens ordning eller gå over til rullerande gjennomsnittleg MTB med reduksjon i tillatelses-MTB på for eksempel 5 %.

Då potensialet for produksjonsauke med rullerande MTB vil vera over 5 % så vil nok mange aktørar velje å produksjonsmaksimere drifta i dette høvet. Denne ordninga vil difor ha negative konsekvensar for markedet og målet om stabile slaktevolum gjennom året.

Konklusjon:

Eide meiner at ordninga med rullerande MTB vil bidra til ein mindre industriell og marknadsretta produksjon. Dette er med andre ord det motsatte av formålet med å innføre rullerande MTB. Dagens ordning med absolutt-MTB bør halda fram. Eide meiner elles at det bør vera rom for gradvis produksjonsauke innan lakseoppdrett i Norge. Overgang til rullerande MTB er ikkje ei eigna regulering for å auka produksjonen av laksefisk i landet. Ei årleg «indeksregulering» av MTB per konsesjon vil etter vårt syn vera eit klart betre alternativ, som vil sikre ein forutsigbar og jamn produksjonsauke framover.

Venleg helsing

Eide Fjordbruk AS v/dagleg leiar

Knut Frode Eide

Produksjonsleiar matfisk.

Arne Herre Staveland
Veterinær.